



# I. L. «SKARPHEDIN»

ALPIN - BARNEIDRETT - FOTBALL - FRI-IDRETT - HOPP - HÅNDBALL  
LANGRENN - SVØMMING - SYKKEL - TRIM - VOLLEYBALL  
3800 BØ I TELEMARK

## REFERAT FRÅ I.L. SKARPHEDIN SITT ÅRSMØTE PÅ SANDVOLL 11.05.2000

Desse møtte: Magne Sanden, Hans Ivar Streitlien, Hans Aarak, John Anton Graff, Thomas Bjørnseth, Birger Risnes, Torstein Heldal., Ernst&Young v/ Leif Tore Bakkemoen, Gunleiv Bakke, Gunnar Kleppen, Jostein Fylkesnes, Olav Finstad, Bjørn Furnes, Bente Mæland.

### 1. OPNING.

Jostein ynskte velkommen og gav ros til alle særgruppene for konstruktivt samarbeid i ei tid med fleire vanskelege saker.

### 2. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Innkalling og saksliste blei godkjend utan merknad.

### 3. KONSTITUERING

Jostein Fylkesnes blei valt til ordstyrar.

Bente Mæland blei valt som møtesekretær.

Gunnar Kleppen og Hans Aarak blei valt til å skrive under protokollen.

### 4. ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 1999

Årsmeldinga blei samrøystes godkjend med fylgjande tillegg: Fotballgruppa sitt A-lag klarte å behalde plassen sin i 2. divisjon i 1999. Laget blei nr. 6 av 12 lag.

### 5. ÅRSMELDING, REKNESKAP OG BUDSJETT FOR SÆRGRUPPENE 1999

Alle gruppene sine årsmeldingar, rekneskap og budsjett blei godkjend samrøystes. Men der kom merknad om at enkelte årsmeldingar bør bli meir utfyllande for å gje eit betre bilde av aktiviteten. Ei årsmelding skal vera eit historisk dokument for ettertida.

### 6. ØKONOMI

Rekneskapet for hovudstyret for 1999 blei godkjend einstemmig.

Totalrekneskap for I.L. Skarphedin for 1999 blei tatt til etterretning.

Bingorekneskapet for 1999 blei godkjend einstemmig.

Idrettsskulen sitt rekneskap for 1999 blei godkjend med merknad om at årsmelding for idrettsskulen bør ligge ved rekneskapet, slik at ein kan få ei heilskapleg forståing av den totale aktiviteten.

Revisorhonorar for 1999 blei godkjend i tråd med det forslaget som var lagt fram.

**Vedtak: Honorar utbetalast i henhold til innsendt rekning.**

Revisor og kontrollnemnda sin rapport vart tatt til orientering.

Revisor Bakkemoen sa at det nå nærma seg rein revisjonsmelding. Han gav uttrykk for at det var lite å setje fingeren på, og at alt hadde blitt mykje betre sidan 1998.

Kontrollnemnda hadde lagt ved ein kommentar til sin rapport, som omhandla budsjett, årets underskot og forslag til kontrollrutine for oppfølging. Kopi av dette ligg ved som vedlegg.

## **7. KONTINGENT 2000**

Medlemskontingenten blei samrøystes godkjend i henhold til det forslaget som var lagt fram. Medlemskontingenten på kr 100,- og kr 300 for familiemedlemskap, blei vedtatt uendra.

## **8. HANDLINGSPLAN OG ARBEIDSINSTRUKS**

Olav Finstad gjorde greie for framlegget. Ein ser det slik at alle gruppene bør utarbeide ein arbeidsinstruks for dei som sit i styret. Denne må tilpassast kvar enkelt gruppe etter aktiviteten. Dette vil gje styremedlemmen ein betre oversikt over kva arbeidsoppgåver kvar enkelte skal ha ansvar for.

Ein ynskjer og at særgruppene skal utarbeide handlingsplan for komande periode og behandle denne på årsmøta sine. Dette for å skape debatt om framtida på årsmøta, men og for at det skal vera noko å forhalde seg til for medlemmene. Handlingsplanen må vera kort og konsis, og ikkje minst realistisk.

**Forslag til vedtak:**

- 1. Særgruppene og hovudstyret lagar ein organisasjonsplan med ansvars- og arbeidsfordeling for medlemmene i styret.**
- 2. Økonomi blir sak på alle styremøte i særgruppene og på hovudstyremøta, der ein spesielt kontrollerer at variable inntekter stemmer med budsjett.**
- 3. Særgruppene justerer budsjetta sine innanfor vedtatt total sum i budsjettet.**
- 4. Dersom ein ser at totalbudsjettet ikkje kjem til å halde skal hovudstyret bli varsla snarast råd.**
- 5. Alle særgruppene legg fram ein handlingsplan for komande år til handsaming på sitt årsmøte.**

Framlegget blei samrøystes vedtatt.

## **9. LEIGEAVTALE MELLOM I.L SKARPHEDIN OG TELEMARSHALLEN**

Avtalen som ein inngjekk i fjor skal fornyast pr. 01.10.2000. Pr. i dag har ein ei avtale som ikkje er heilt ferdig forhandla, men føringane for den nye avtala ligg fast i den som blei inngått i fjor. Det som gjenstår er å diskutere fordeling av reklameinntekter, styrken av vidare opsjonsrett og framtidig leige. På sitt årsmøte har fotballgruppa gått inn for ei forlenging av avtala under forutsetning av godkjenning på hovudlaget sitt årsmøte.

**Forslag til vetak:**

**Ein godkjenner ny avtale for inntil 3 år, som fotballgruppa må forhandle fram, og som hovudstyret sitt arbeidsutval deretter må godkjenne.**

**Vedtatt samrøystes**

## **10. ORGANISASJONSENDRING**

Hovudstyret sitt arbeidsutval hadde lagt fram forslag om at det bør opprettast ei barneidrettsgruppe på nytt, som har status på linje med særgruppene. Men denne gruppa bør ha felles årsmøte med Hovudlaget, slik at ansvaret ligg på årsmøtet i I.L. Skarphedin kvart år. Bakgrunnen for forslaget er at organiseringa av idrettsskulen i det seinare ikkje har fungera tilfredsstillande, då det har vore uklart kven i laget som står dagleg ansvarleg, samt at samarbeidet mellom gruppene ikkje har vore godt nok. I tillegg har utgiftene til drifta av idrettsskulen blitt altfor store.

Då det er viktig at barn i alderen 6 – 12 år får eit så godt tilbod som mogleg bør fortsatt kulturmidlane og noko av kontingenten gå til barneidrettsskulen.

**Forslag til vedtak som blei lagt fram :**

1. Idrettsskulen blir organisera av ei valt barneidrettsgruppe på 5 personar, som fungerer på linje med ei særgruppe i laget.
2. Barneidrettsgruppa planlegg hausten 2000, og er formelt i funksjon frå 15.06.00.
3. Barneidrettsskulen følgjer så langt råd er skuleåret.
4. Særleidrettsgruppene i IL Skarphedin blir trekt med i planlegginga av aktivitetane, og dei bør gradvis stå meir og meir for treninga med aukande alder.
5. Kulturmidlane frå Bø Kommune og noko av kontingenten i laget går til barneidrettsskulen.
6. Barneidrettsgruppa har sitt årsmøte saman med Hovudlaget.
7. Hovudstyret får fullmakt til å godkjenne budsjettet for barneidrettsskulen for år 2000.

Forslaget blei einstemmig vedtatt og det nye styret får godkjenning til å utnemne interimstyre og valkomité.


#### 11. BUDSJETT FOR HOVUDSTYRET 2000

Bjørn Furnes la fram forslaget til budsjett der det var budsjettert med eit kommunalt tilskot på kr 35 000,-. Det blei stilt spørsmål frå årsmøtet kva kommunen eigentlig tenkjer på . Ser ein ikkje verdien av all denne frivillige innsatsen som blir lagt ned i laget. Frustrasjonen er stor blant alle ildsjelene som står på og jobbar for idretten i Bø. Ein ser at det er i ferd med å utvikle seg eit negativt ungdomsmiljø i Bø, og då er det svært viktig at ein legg forholda til rette slik at flest mogleg kan trivast innanfor idrettsmiljøet. Den frivillige innsatsen i IL Skarphedin utgjer mellom 10-15 årsverk og for dette fekk vi ei påskjønning frå kommunen på kr 35 500. Laget har 760 medlemmer , det vil si at kommunen ytte kr 47,- i støtte til kvart medlem i 1999.

Budsjettet blei deretter godkjend med eit underskot på kr 25 000, då ein reknar med at ein i 2000 og vil ha ein del utgifter knytt opp til drifta av barneidrettsskulen.

#### 12. VAL

Valkomiteen hadde ikkje klara å få tak i ein kandidat til å ta leiarvervet i IL Skarphedin og ein vedtok at sak 12 må utsetjast til ekstraordinært årsmøte i juni. Det sitjande styre blei oppmoda om å gå aktivt inn for å hjelpe til med å få tak i ny leiar.

  
Gunnar Kleppen

  
Hans Aarak